

**-Hald kjedene på avstand!**

11.03.2013



Rundt 40 kom til bondelagsmøtet i skulen i Omvikedalen

**Den viktigaste konklusjon på møtet til bondelaga i Uskedalen og Omvikdalen i går kveld var at dei 4 landsdekkjande daglegvarekjedene bør haldast på avstand. Det har skjedd ein flytting av makt og kjedene vil ha stadig meir kontroll. Men om dette skal få utvikla seg vidare er opp til bøndene sjølve og dei forstår forhåpentleg kva som er i ferd med å skje. Det var mellom andre møteleiar Hans Reidar Kjærland frå Uskedalen som konkluderte slik. Det var eit godt møte med 40 frammøtte som fekk mykje informasjon, ikkje minst om marknadssituasjonen for kjøtt.**



Nortura var representert ved Svein Svendsen og Sveinung Svebestad

Både Nortura og landets største private kjøttbedrift Flatland var representert, ved Sveinung Svebestad/Svein Svendsen og Inge Flatland/ Leif Malvin Knutsen. Lars Børge Sæberg leia møtet saman med Kjærland og på temalista stod marknadsregulering, merkjevare, EMV og tollvern.



Fatland var representert ved Inge Fatland og Leif Malvin Knutsen

Svebestad slo fast som sin hovudbodskap at kjedene representerer eit trugsmål om knusing av bondemonopolet..

- Det er sterke krefter som står imot oss og dette handlar om å late dei gripa kontrollen. Evnen til å stå saman vil vera avgjerande, held Nortura-talsmannen fram. Han stilte dette retoriske spørsmålet:

- Kven av gutane i kjedene har ansvar for distriktsjordbruket? Svebestad peika på at Nortura har som mål eit best mogeleg resultat av husdyrproduksjonen. I 2010 hadde dei store problem då lojaliteten svikta, men no er situasjonen stabilisert og dei har hatt ein liten auke i marknadsandel.

Når det gjeld importvernet er det avgjerande for å sikra nasjonal matproduksjon og sysselsetting.

Flatland-representantane sa om marknadsreguleringa at dei var positive til å finna konstruktive løysningar. Vidare var dei for konkurranse fordi den gjer noko med yteevna i alle ledd.

Leif Malvin Knutsen heldt fram at importvernet er den aller viktigaste pillaren i landbrukspolitikken. Utan det kan alle land gjera seg gjeldande hos oss. Eit EU-medlemskap ville hatt ein slik konsekvens. Men Knutsen peika på at nokre internasjonale avtalar har slege hol i importvernet og han var bekymra for den vidare utvikling.

I spørjerunden etterpå påpeika bondelagsleiar Olav Hjetland Bringedal mellom anna tale om prisar med to tungar frå Flatland og KLF. Kjærland kritiserte at det vert kasta meir kjøtt enn det som vert importert. Hestekjøtsaka vart ikkje noko tema sjølv om møteleiaren gjorde ein freistnad på det.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Bondelagsleiarane Olav Hjetland Bringedal og Kjetil Mehl kan smila etter eit vellukka møte og førebu seg til harde nappetak til våren